



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
17.08.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/4417 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt per 31.juli 2017

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31.juli d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 1,7 prosent dei første sju månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane i fylket samla utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 0,8 prosent.

Innbetalt skatt per 31. juli d.å. i prosent av budsjett 2017 var 61,5 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 59,6 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 3,8 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 1,0 prosent.

Den høge skatteveksten for Sveio kommune er ekstraordinær og skuldast at ein skatteytar har seld sin del av ei verksemd.

Mange av kommunane i Hordaland har i år ein svakare skattevekst enn landsgjennomsnittet. For mange av kommunane i fylket er den prosentvise skatteveksten lågare enn veksten for landsgjennomsnittet på 3,8 prosent. Det er viktig at kommunane vurderer om skatteinntektene og dei frie inntektene i årets budsjett er realistiske og at det om nødvendig blir gjennomført budsjettrevisjon.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.